
Fra: Eilin Houlison Molvik
Sendt: 18. januar 2017 08:42
Til: 'jtas@jtas.no'
Emne: Arkivsak 15/4189 gbnr. 202/156 Hjelmås i Lindås kommune

Til J. Tufteland AS

Vi viser til søknad om ferdigattest for einebustad med sokkelhusvære på eigedom gbnr. 202/156 i Lindås kommune.
Tiltakshavar Nimiec.

Vi kan ikkje sjå at vilkår gjeve i løyve datert 12.04.16 er oppfylt. Vi tenker då særskild på krav om at det skal ligge føre ferdigattest/mellombels bruksløyve på felles tilkomstveg inn i området forbi P250, (vår arkivsak 14/1712 infrastruktur i Helleåsen bustadfelt). Dette er ikkje søkt om per 18.01.17.

Vi kan heller ikkje sjå at det ligg føre ferdigmelding med omsyn til påkobling offentleg vatn- og avlaupsnett.

Dette er ikkje ei fullstendig gjennomgang, vi vil oppmode om at de går igjennom vedtak datert 12.04.16 på nytt og kontrollerer at vilkår sett i løyve er oppfylt.

Vi ber om ei snarleg attendemelding på om de vil at vi skal handsame søknaden slik den ligg føre, eller om de vel å trekke søknad om ferdigattest i påvente av at nemnde vilkår gjeve i løyve vert oppfylt.

Frist for å melde attende vert sett til 20.01.17

Med helsing

Eilin H. Molvik, rådgjevar

Svar eller førespurnadar rettast til: postmottak@lindas.kommune.no

Tenk miljø før du skriv ut denne e-posten.

Er meldinga motteke hjå feil adressat, ver venleg å slette den frå postsystemet.